



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtedato:	26.08.2026
Møtetid:	16:30 -19:00
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Kantina

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Bodil Monslaup	leder	U	
Mette Ekornrød	medlem	U	
Anny Bertelsen	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Idar Johan Hopland	MEDL	U
Katrine Berge Longva	MEDL	AP
Reidar Øksnes	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Jan Ove Synnevåg		U	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø	møtesekretær
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef Samfunn
Christopher Marius Straumæy	advokat

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 14/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste - RMNF 26. august	
PS 15/2026	Godkjenning av møteprotokoll - frå møte 27. mai	
OS 2/2026	Orienteringar	
OS 3/2026	Orientering om døropnar i Austrheimhallen	
PS 16/2026	Husleige i Vestlia og andre kommunale bustader	

PS 14/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - RMNF 26. august

Sak 14/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - RMNF 26. august

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Handsaming:

Leiar i rådet refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 14/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - RMNF 26. august

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 15/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå møte 27. mai

Sak 15/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå møte 27. mai

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Handsaming:

Leiar i rådet refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 15/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå møte 27. mai

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent

OS 2/2026 Orienteringar

Sak 2/2026 Orienteringar

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

- 8 juni deltok leiar Bodil Monslaup på konferanse og informerte rådet om innhald i konferansen. Hovudforelesar var Tove Linnea Brandvik frå FFO. Det var ein interessant konferanse. CRPD som verktøy for betre gjennomslag i saker, Line Nilsen frå FFO i Bergen deltok også, ho bruker å besøke helseklassane på vidaregåande.
- Val av nye råd neste år: Rådene skal veljast så tidleg at dei kan vere med på den politiske opplæringa.
- Etterlyser kurs i BPA. Viss vi vil ha eit kurs om CRPD og BPA, kan det vere greitt å ha det for region. Kven skal vi utfordre. Leiar kan ta kontakt med råda i nabokommunane og sjekke behov for kurs/konferanse.
- Leiar har hatt dialog med eldrerådet om saker om HC-toalett og husleige.
- Parkering ved Coop - skilt vert stadig teke vekk. Det er ikkje kommunalt ansvar, men kommunalsjef Bjarte Rosenlund seier han kan sende ei melding til Coop.

HC - toalett på kommunehuset.

- Rådet la fram utfordringar med HC-toalett på legekontoret, spesielt med tanke på tilgang på kveldstid.
- Administrasjon ordnar ny toalettrullhaldar snarast.
- Kommunalsjef Bjarte Rosenlund viste moglege løysing med ombygging av garderobe/toalett i tilknytning til biblioteket. Dette må vente til budsjetthandsaming.

Handsaming i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 2/2026 Orienteringar

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Orienteringane vert teke til vitande.

OS 3/2026 Orientering om døropnar i Austrheimhallen

Sak 3/2026 Orientering om døropnar i Austrheimhallen

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

HC - toalett i Austrheim hallen

Leiar la fram saka og las sitt svar til administrasjonen om HC- toalett i Austrheim hallen.

Fleire i rådet la fram sine synspunkt. Det er svært positivt at det no er døropnar til hallen og garderobane. Det er vanskeleg å få lukka eller opna døra når ein sit i rullestol, eller til dømes bruker to krykker. Minstekravet føl ikkje alltid behova, det er opning og lukking av døra som er utfordring.

Kan ein legge fram ei ekstra sak til politisk handsaming?

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund: Døra føl krav til universell utforming, men vi forstår behovet. Likevel må vi sjå det opp mot budsjettet. Får vi dette på budsjettet kan vi sette det i bestilling forholdsvis raskt etter vedtak. Kommunalsjefen kan også ta det opp i Levekårsutvalet neste veke.

Handsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Orientering om døropnar i Austrheimhallen

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Orienteringa vert teke til vitande.

PS 16/2026 Husleige i Vestlia og andre kommunale bustader

Sak 16/2026 Husleige i Vestlia og andre kommunale bustader

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Handsaming:

Leiar i rådet innleia saka, og rådet la fram sine synspunkt og spørsmål knytta til regulering av husleige i Vestlia. Rådet meiner kommunen bruker lovverket feil og spør om administrasjon kan dokumentere kva gjengs leige er for denne type bustader er, og kva grunnlag som er brukt for å fastsetje nivået på husleige.

Det kom innspel om at kommunen burde ta omsyn til kven som er leigetakarar, og deira inntekter. Kommunalsjef Bjarte Rosenlund svara at det er eit politisk spørsmål viss kommunen skal subsidiere desse bustadene.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund og advokat Christopher Marius Straumøy, viste til prosjektet der kommunen gjekk gjennom alle husleigene og avtalane. Av ulike grunnar var ikkje husleige justert på fleire år. Utgiftene til kommunen har auka mykje, noko som gjorde det nødvendig å justere husleiga no.

Det vart vist til at gjengs leige er eit prinsipp som gjeld både for leigetakar og utleigar.

Gjengs leige er ikkje ein fast bestemt sum, men blir vurdert ut frå fleire forhold, mellom anna korleis tilbodet på hus er og tilstanden til konkrete bustadar.

Det vart lagt opp til gradvis auke av husleige opp til nivået for gjengs leige for å unngå at heile auken vart gjort på ein gong. Trinnvis auke vart gjort for å gi leigetakarane ein mindre brå overgang, og for å redusere den økonomiske belastninga.

Det var gjort eit grundig arbeid med å fastsetje husleigenivået, men det kan likevel vere grunnlag for å vurdere berekninga på nytt.

Administrasjonen skal ta ein ny gjennomgang, og legge fram dokumentasjon som viser samanlikning og utrekningar. Nærmare forklaring på kva gjengs leige er, og korleis den er vurdert kan også leggjast fram

Rådet peika på at det er viktig å ha ei felles forståing av kva nivå som skal reknast som gjengs leige, elles vert det frå leigetakar si side sett på som "tenk på eit tal".

Framlegg til vedtak:

Rådet tar drøftinga til vitande og ser fram til tilbakemelding frå administrasjonen med ny utgreiing og forklaringar av gjengs leige. Rådet vil ha felles forståing av kor nivået for gjengs leige skal vere.

Handsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 16/2026 Husleige i Vestlia og andre kommunale bustader
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.08.2026

Rådet tar drøftinga til vitande og ser fram til tilbakemelding frå administrasjonen med ny utgreiing og forklaringar av gjengs leige. Rådet vil ha felles forståing av kor nivået for gjengs leige skal vere.